Invitasjon til MYRKDALSFART 2026

Voss Alpin, Noregs Skiforbund og Myrkdalen Fjellandsby har gleda av å invitera til Myrkdalsfart 1. - 3. mai 2026. Fartssamlinga gjeld for utøvarar frå U12 og eldre.

Me legg opp til tre døger med fartstrening i Myrkdalen, og satsar på å køyra heile samlinga med forskjellige element av fartstrening - bl.a. hopp, løyper med bølger i sving, bølgefelt, løype med fartsmåling og mykje anna moro. For å få til aktivitetane er me avhengig av at det stiller ein ansvarleg trenar frå kvar klubb. Om det er små klubbar med få løparar, kan de samarbeida om trenaransvaret. Arrangøren dekkjer heiskort for ansvarlege klubbtrenarar. Overnatting og heiskort utover dette må ordnast direkte med Myrkdalen Hotel.

PÅMELDING:
U14 & U16 – må meldast på i isonen.no. Ingen deltakaravgift for desse klassane.
U12 – Sidan U12 ikkje er omfamna av NSF si breiddesamling (U14 & U16), legg Voss Alpin opp til at det også vert eit tilbod for denne aldersklassa. U12 løparar må meldast på ved å senda e-post til post@vossalpin.no innan 24. april 2026. Ingen deltakaravgift.

HUGS nye aldersklassar fom 1. mai!

PAKKETILBOD – Overnatting, mat & heiskort
Deltakar & føresette – kr. 1.450,-
Trenar – kr. 1.095,-
Prisar gjeld pr person, pr natt og inkluderer frukost, lunsj, middag og heiskort. Bestilling innan 24. april 2026 på e-post til knut.kettermann@norwaysbest.com.

PAKKETILBOD – Heiskort & lunsj
Deltakar & føresette – kr. 545,-
Trenar – kr. 190,-
Prisar gjeld pr person, pr døgn og inkluderer heiskort og lunsj. Bestilling innan 24. april 2026 på e-post til post@vossalpin.no. Betaling for heiskort & lunsj innan 27. april 2026 til Voss Alpin, konto 3480.11.87023.

Deltaking utan tinging av pakketilboda er ikkje mogleg.

UTSTYR
Ta med utstyr til Super-G, utfor og storslalåm. Alle tek med eige preppeutstyr, preppebord og tvinger.

KONTAKTINFORMASJON
Noregs Skiforbund – Stefan Johnsen Havnelid, tlf 90 79 20 04, e-post stefan@skiforbundet.no
Voss Alpin – Knut Kettermann, tlf 97 58 24 20, e-post knut.kettermann@norwaysbest.com